

RISTNA BRUK Elin Nesse Karlsen  
Litlelindås 103  
5943 AUSTRHEIM

---

<b>Dato</b>	18.10.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/79984-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Geir Sverre Andreassen
<b>E-post</b>	Geir.Sverre.Andreassen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	90202693

## **Fv. 565 - Svar på søknad om reklame - Ristna bruk - sal av juletre - Austrheim kommune**

### Saka gjeld.

Søknad om løyve til å sette opp reklame i samband med sal av juletre. Søkar har lagt ved informasjon om kvar dei ønsker å sette opp reklamen, korleis reklamen skal sjå ut og tidsperiode reklamen skal stå ute.

**Vedtak.** Med heimel i «Lov om vegar (veglova)» av 01. januar 1964 § 33 og § 57 gjev me løyve til å setje opp private skilt ved fylkesveg 565 i Austrheim kommune, som syner til Ristna bruk.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Søkjar må også ha løyve frå kommunen.
- Plassering skal skje i tråd med gjeldande situasjonsplan, sjå vedlegg.
- De er sjølve ansvarleg for at monteringa er trygg og sikker, slik at det ikkje er til fare for andre.
- Reklamen skal ikkje hindre sikt mot kryss eller offentlege trafikkskilt.
- Reklamen skal plasserast på utsida av rekkverk, med avstand på minst 1,5 m frå rekkverket.
- Løyvet er gyldig frå 20.11.2023 – 20.12.2023.
- Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at reklamen heng nær vegen, med mindre det kan påvisast aktløyse frå fylkeskommunen si side.

Løyvet kan tilbakekallast etter skriftleg varsel når forholda som ligger til grunn for løyvet vert endra. Dette kan vere forhold på staden som trafikkmengd, trafikktipe, ulukkes frekvens, fartsgrense eller vegen sin utforming. Løyvet kan tilbakekallast på same måte dersom myndighetene endrar reglar eller retningslinjer for reklame langs offentleg veg eller dersom vilkåra for løyvet ikkje vert overhalde.

### Vurdering.

Til handsaming av slike søknadar nyttar me handbok V323 «Reklame og trafikkfare» samt veglova § 33 og § 57. Me gjer merksam på at me berre handsamar søknaden etter veglova og at kommunen må handsame søknaden etter plan og bygningslova, det er krav til løyve frå begge partar for å setje opp reklamen.

Reklamen måler 1,8 x 0,8 m, og er ein plakat laga av PVC. Teksthøgda er sett til 0,15 m. Konstruksjonen er bært av ei treramme, med trestolpar for oppsett. Området langs vegen der reklamen er ønska plassert er prega av skog, lite trafikkskilt, og rette strekningar. Fartsgrensa på staden er 80 km/t. Deler av strekninga har rekkverk.

Materiala i reklamen krev særskild omsyn til plassering av oppsettet. Treverk er eit materiale som kan føre til alvorlege skader dersom køyretøy skulle kollidere med reklamen. Med omsyn til dette legg vi som vilkår at reklamen vert plasserast slik at det er rekkverk mellom reklamen og vegen. For å unngå

konflikt mellom reklamen og rekkverkets funksjon/arbeidsrom må avstanden fra rekkverk til reklame vere minst 1,5 m.

Med helsing

**Linda Beate Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Geir Sverre Andreassen**  
overingeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

**Vedlegg**

**1 Vedlegg - Situasjonsplan - reklame - fv 565 - Austrheim kommune (1) Copy.pdf**

Kopi til:

AUSTRHEIM KOMMUNE

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Solfrid Vigdis Kvamme